



Denne helga blit det tårnagenthelg igjen i kyrkja og kyrkjelyden og sundagsskulen (eller rettare laurdagsskulen) samarbeider om opplegget. Alle i 3. klasse er inviterte til å delta, fortel sokneprest Kristian Due til uskedalen.no

Dette er også ein del av kyrkja si satsing på trusopplæringa.

Opplegget går over 2 dagar og startar i morgon laurdag. Helga blir avslutta med tårnagentgudsteeste på

fastelavnssundag. Due lovar at dette skal bli ei flott gudsteneste for alle og tårnagentane deltek mykje.

Til gudstenesta er også dei i 5. klasse spesielt inviterte og får kvar si bibelbok denne dagen.

På biletet over hjelper presten agentane opp og ned i kyrkjetårnet sist gong det var tårnagenthelg.

Foto: Ola Matti Mathisen